

## Vedlegg

### **Vegliste fylkes- og kommunale vegar – rettleiing og forklaringar.**

Veglistene er ein del av Forskrift om bruk av kjøretøy av 25. januar 1990, (jfr. § 5-2 pkt. 2 a og b) i forskrifta). Forskrifta er heimla i vegtrafikklova av 18. juni 1965 nr 4 § 13 og Samferdselsdepartementet sitt vedtak av 24. november 1980 om delegering av myndigheit etter lova. Statens vegvesen gir ut ei vegliste for kvart fylke med opplysningar om tillatt bruksklasse, kjøretøylengde og breidde på fylkes- og kommunale vegar.

Vegtrafikklova setter som vilkår for bruk av kjøretøy at den lengde, breidde og aksellast som er tillatt på vegen ikkje må overskridast. Statens vegvesen v/Region vest er satt til å forvalte det som er bestemt både når det gjeld sakshandsaming av søknader om dispensasjon og når det gjeld kontroll av reglane om vektor og dimensjonar.

Veglistas funksjon er og halde brukarane av vegane orientert om vegens bruksklasse (aksellast og totalvekt) og tillaten storleik på kjøretøya. Statens vegvesen sin brukskontroll bruker lista i sitt arbeid, og har og kontrollar på det kommunale vegnett som er med i veglista.

På veger som ikkje er omfatta av veglista, kan kjøretøyet sin kapasitet på aksellast, totalvekt og vogntoglengde fritt nyttast.

#### **Oppskrivning av vegar**

Statens vegvesen arbeider med forsterkning og oppskrivning av bruksklasse på riks- og fylkesvegnettet med sikte på å få ned transportkostnadene for industri, jord- og skogbruk. Bedrifter som ligg ved kommunale vegar, får ikkje nytte godt av denne utviklinga utan at og kommunane skriv opp vegane i høgare bruksklasse. For å prioritere oppgåvene ber vi om at kommunane ser på samsvaret mellom riks/fylkes- vegar og dei kommunale vegane som står i veglistene pr. i dag. Dersom bruksklasse og vogntoglengde, kjøretøybreidde og/eller vogntoglengde skal skrivast opp, må det ofte bru og vegforsterkingar til. Det kan også bli nødvendig og byggja møte- og sнопlassar.

#### **Bruksklasser**

Ein bruksklasse er eit sett av aksellastar med tilhøyrande tillaten totalvekt. Tillatne bruksklasser i veglista er Bk 10-50 evt.10-42 (sjeldan), Bk T8- 50, Bk T8-40, Bk 8-32 og Bk 6-28. Det finnes ikkje lågare bruksklasser enn Bk 6. Dersom kommunen meiner det er naudsynt med lågare klassifisering av det kommunale vegnettet på grunn av dårleg bereevne, må dei sjølve setja opp skilt med gjeldande aksellast.

#### **Vogntoglengde**

Tillatt vogntoglengde i Noreg er 12,40 m, 15,00 m og 19,50, sjå vedlegg 1 pkt. 4 a, b og c).

NB! Tillatt vogntoglengde skal ikkje settast ned for å hindre kjøring med lastebil/vogntog. Dersom det skal være et slikt forbode, må det skiltes på annan måte.

Veger kor det fysisk ikkje er mogeleg å komme fram med kjøretøy på 12,40 m må difor skiltas.

Om kommunen ikkje oppgjer kva for tillatt vogntoglengde som gjeld for den aktuelle vegstrekninga, blir den største, mest tillatte vogntoglengde nytta, dvs. 19,50 m.

## **Vogntoglengde 24 meter og 60 tonn totalvekt**

Regjeringa er oppteken av og betra rammevilkåra for skognæringa. Dette er spesielt interessant der det går store mengder skogvirke om kommunalt vegnett, inn på anna offentlig vegnett opna for Bk10 og 24 meter vogntoglengde eller direkte til lokalt sagbruk. Desse vegane er merka med 24 m i veglisten.

Samferdselsdepartementet har vedtatt at totalvekta for tømmertransport kan aukast frå 56 til 60 tonn. Statens vegvesen har sett i gong med ei berekning for kva europa-, riks og/eller fylkesvegstrekingar som kan opnas for slike vekter. Transporten med tømmer starter normalt på fylkesvegar og kommunale vegar, før den går vidare på riksvegar. Vi ber derfor dei kommunar dette er aktuelt for, og leggja til rette for at totalvekta kan aukast på dei deler av vegnettet som tåler dette. Det som er den avgrensa faktoren er lange bruer som ikkje tåler at belastninga vert auka. Tillatt aksellast for disse vogntoga vert ikkje auka.

## **Vinteraksellast**

Vinteraksellast kan bli innført midt på vinteren når frostmengda er tilstrekkeleg. Dette er spesielt innført for å få opp aksellasten til Bk10 for tømmertransport, men og for å få avvikla annan tungtransport når vegane er frosne og har god bæreevne. Tidspunkt for innføring og oppheving av vinteraksellast og geografisk utstrekning, vert kunngjort av Statens vegvesen.

## **Totalvekt 50 tonn på 8 tonns veger (Bk T8/50)**

På veger utan bruer eller der bruene har bruksklasse Bk10, kan totalvekt setjast til 50 tonn. Det same gjeld korte bruer. Dette endrar ikkje tillaten aksellast, som er den same enten tillaten totalvekt er 40 eller 50 tonn.

Vi gjer merksam på at vegar i Bk T8 med vinteraksellast 10 tonn, automatisk har 50 tonn totalvekt.

## **Aksellast i teleløysinga**

Etter Regjeringas forslag bestemte Vegdirektoratet i desember 1994 og oppheva telerestriksjonane på riks- og fylkesvegar. Berre ved vesentleg skade på vegstrekingar som kan føre til redusert framkomst vil restriksjonar bli nytta.

Fleire kommunar vel å nytte seg av restriksjonar i teleløysningsperioden. Det blir ikkje lenger eiga kolonne i veglista for aksellastrestruksjonar i teleløysinga. Heimelen for denne kolonnen vart oppheva 27. juni 1997. Dette inneber at dei kommunar som vel å innføre restriksjonar, sjølv må kunngjere dette i pressa eller ved skilting av vegen. Innføring og oppheving av restriksjonar skal rapporterast til Vegtrafikksentral på tlf. 175.

Dei einskilde kommunane må sjølv avgjere bruken av telerestriksjonar. Det er viktig og merka seg at bedrifter eller annan transportverksemd, kan bli sterkt avgrensa i si verksemd. Vi vil oppmode om at restriksjonar berre blir innført der det er nødvendig – ikkje som eit generelt vedtak på "alle" kommunale vegar.

## **Spesifisering og gruppering av kommunale vegar ("Sekkepost")**

For å fange opp alle kommunale vegar, er det ein fordel at kommunane nyttar sekkeposten "øvrigt kommunale vegar". Denne "sekkeposten" vil ha ein bruksklasse for kommunale vegar som ikkje er lista opp spesielt i veglista. "Sekkeposten" gjer og arbeidet enklare, då vi berre spesifiserer dei vegar som fell utanfor denne.

### **Veggruppe (spesialtransport)**

Vegnettet er delt inn i veggruppene A og B avhengig av bruens konstruksjon og bæreevne. I hovudsak er A-bruene to-spora og B-bruene ein-spora. Veggruppe B tillèt lågare vektor enn veggruppe A. Som einspora bruer reknast bruer med mindre breidde enn 5,60 m (unnateke 5,50m) frå føringskant til føringskant (ev. rekkverk).

Veggruppe "IKKE", er vegar kor det må søkjast dispensasjon for kvar einskild transport når bredde eller lengde går ut over det generelt tillatne (av udeleleg last) – dispensasjon utan tidsavgrensing gjeld mellom anna ikkje. Dette er dei dårlege vegane med omsyn til framkomst (smale, svingete og med manglande sikt mellom møteplassane).

Bruer med spennvidde 5 m og kortare kan setjast i veggruppe A.

Denne ordninga gjelder berre store udelelege laster, som kjører i høve til utstedde dispensasjonar frå Statens vegvesen.

### **Dispensasjonar**

Til orientering kan vi ikkje gi dispensasjonar for last som lar seg dela, så som person- (buss), mjølke-, kraftfor-, tømmer og massetransporter m.m. Vi kan berre gi dispensasjon for transport av eit udeleleg kolli så som til dømes ein maskin. Det er derfor viktig at kommunen har i tankane kva for transport som skal fram på vegane, før vedtak om vektor og dimensjonar for vegen blir fatta. Til dømes treng ein 16,50 m lang tanksemitrailer til transport av mjølk, ein lovleg vogntoglengde på 19,50 m.